

**Fra:** Vidar Bråthen [mailto:brvi@fedje.kommune.no]  
**Sendt:** 19. november 2008 14:38  
**Til:** Postmottak Finansdepartementet  
**Emne:** 18546\_1\_P

Uttale fattet i Fedje formannskap ang. eiendomsskatt i sjøområde.

mvh  
Vidar Bråthen - rådmann

---

## FEDJE KOMMUNE

### Sakspapir

#### SAKSGANG

**Styre, utval, komite m.m.**

**Møtedato**

**Saksnr**

**Sakshands.**

Formannskap

04.11.2008

111/08

BRVI

**Avgjerd av:**

**Saksansv.:** Vidar Bråthen

**Arkiv:** K1-232

**Objekt:**

**Arkivsaknr**

2008000612

## **FORSLAG OM GRENSE FOR UTSKRIVING OM EIGEDOMSSKATT I SJØOMRÅDE**

**Dokumentliste:**

**Nr**

**T**

**Dok.dato**

**Avsender/Mottakar**

**Tittel**

1

I

20.10.2008

Det Kongelige Finansdepartement

FORSLAG OM GRENSE FOR UTSKRIVING OM EIGEDOMSSKATT I SJØOMRÅDE

Ot. Prp. Nr. 1 ( 2007 - 2008 )

Ot. Prp. Nr. 1 ( 2008 - 2009 )

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Forslag om endringar i lova av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane.

**Kva saka gjeld:**

Skattlegging i sjø.

**Bakgrunn for saka:**

Finansdepartementet kjem med forslag om endringar i lov av 6. juni 1975 nr. 6 om eigedomsskatt til kommunane.

Forslag om grenseregulering får konsekvensar for utskriving av eigedomsskatt i sjø.

Høyringsfrist:

2. desember 2008.

**Saksutgreiing:**

Finansdepartementet har sendt over eit omfattande endringsframlegg for skattlegging i sjø. Viser her til Ot. Prp. Nr. 1 ( 2008 - 2009 ) og høyringsnotat frå Finansdepartementet.

FD sine anbefalingar er oversendt kystkommunane for uttale.

Kort om forslaget:

Alternative grenseoppgangar:

1

Territorialgrense 12 nautiske mil slik som i dag.

Vurdering/ Påstand:

Aktiviteten i sjøområda har liten el, ingen tilknytning til kommunen.

Uklare grenseoppgangar i sjø.

2

Marbakken. Grensa vil då gå ved land med alle dei buktningar vi har langs vår langstrakte kyst.

Vurdering/ Påstand:

Lange og innvikla grenser.

Fare for nye grensetvistar.

3

Grunnlinja.

Vurdering/Påstand:

Grunnlinja er nytta som avgrensing i andre samanhengar - bl. a. Plan og bygningslova.

FD anbefaler at eigedomsskattelova vert endra slik at grensa for utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet vert trekt ved grunnlinja.

### Grunngjeving:

Uavklarte grensetvistar i sjø.

Ulik praksis kommunane imellom etter at territorialgrensa vart utvida frå 4 til 12 nautiske mil i 2003.

### Økonomiske konsekvensar:

I høyringsuttalen vert det peika på at omlegginga her vil påføra kystkommunane eit tap.

### Kompensasjon / mottrekk:

Innføring av eigedomsskatt for flytande sjøanlegg vil kompensera for delar av kystkommunane sitt inntektstap.

Ingen lovnader om kompensasjon for dei av kystkommunane som tapar på ei slik omlegging.

### Tidsplan:

FD legg opp til at denne omlegginga får full effekt frå 2009.

### **Vurdering:**

Kommunesektoren er gjort kjend med at FD i lengre tid har arbeidd med endringar i

Eigedomsskattelova. Kystkommune har stått samla i denne saka for å hindra ei ugunstig omlegging av eigedomsskatten.

### Grenser i sjø:

Vi har i dag klare eideomsforhold i sjø og oljeselskapa har stilltidande akseptert skattlegging av oljeinstallasjonar ut til 12 nautiske mil. Vi kan ikkje sjå at FD sine vurderingar her skal brukast mot oss i denne saka. Nye grensereguleringar vil påføra oss nye utgifter og eit vesentleg lågare inntektsgrunnlag enn i dag.

Vi må forventa at utredningsarbeidet inneheld faktainformasjon om dei tap kommunane her vil få. ( minimumskrav ).

### Skipstrafikk og oljeaktivitet:

Fedje kommune ligg utsett til. Serverulykka i fjor eit varsko. Oljesektoren har vore eit eventyr, men for dei av oss som er særleg utsett, må kunne forventa å få litt igjen for dei ulemper og den risiko denne aktiviteten fører med seg.

### Insitament:

Det er viktig at våre styresmakter gir litt tilbake til lokalsamfunnet - særleg når dette er næringer som tilfører landet store inntekter. Staten tener på ei slik omlegging, mens kystkommunane vert sitjande igjen med svarte-Per. Dette stimulerer ikkje kystkommunane til å stilla seg bak oljesektoren sine planar om ytterlegare oljeaktivitet i Nordsjøbassenget.

Tvert imot bør styresmaktene vurdere å utvide grensene i sjø til 24 nautiske mil frå land. Dette vil vera eit viktig bidrag for å sikra kysten velfungerande tenester til beste for folk og land.

Landet har stått på for å få gjennomslag for utvida økonomiske soner i sjø. I den samanheng er det vanskeleg å forstå at ikkje kystkommunane skal få sin rettmessige del av dette eventyret.

Noen personlege tankar om FD sitt forslag oppsummert i verseform.

"Skattlegging i sjø har gitt kysten hardt tiltrengte kroner.

Nå blir det annleis - det blir nye soner.

Kysten sine inntekter forsvinner hen.

Ingen kompensasjon frå oljesektoren sine menn.

Endringane her pressast fram på uverkeleg vis.

Fiskeridepartementet set kystkommunane i ein skvis.

Litt må vi kunne få igjen for storsamfunnets satsing.

Oljeindustrien er eit eventyr, men også ein belastning".

#### Økonomi:

For vår del representerer oljerørleidningar i sjø ein viktig inntektskjelde - totalt 3 mill. kroner dersom dagens praksis vert vidareført i 2009. Dette tilsvarer ca ¼ av kommunen sine samla skatteinntekter i 2009. Dersom FD sin anbefaling vert resultatet, vil store delar av kommunen sin eigedomsskatt gå ut alt frå 2009.

Stipulert inntektstap: 1.5 mill. kroner.

Fedje kommune har f. t. ingen oppdrettsanlegg og "kompensasjonsordninga " her vil ha ingen effekt for vår del.

Det er eit felles ønskje å sikra kommunane stabile rammevilkår. Ei omlegging av eigedomsskatten mitt oppe i budsjettprosessen gjer det ikkje enklare å leggja planar for framtida. Forslaget her grip inn i den kommunale kvardagen på uheldig vis.

Vi vil på det aller sterkaste åtvare mot ei omlegging av eige-domsskattelova slik FD her legg opp til. Tvert imot bør styresmaktene stimulera kystkommunane til å ta i bruk denne inntektskjelda og gjerne utvida ordninga til å omfatta sjøareal ut til 24 nautiske mil.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fedje kommune åtvarar mot ei omlegging av eige-domsskattelova slik FD her legg opp til.

Tvert i mot oppmodar vi styresmaktene til å stimulera kystkommunane til å ta i bruk denne inntektskjelda og utvida ordninga til og å omfatta sjøareal ut til 24 nautiske mil.

**04.11.2008 Formannskap**

**F-111/08 Vedtak:**

Fedje kommune åtvarar mot ei omlegging av eige-domsskattelova slik FD her legg opp til.

Tvert i mot oppmodar vi styresmaktene til å stimulera kystkommunane til å ta i bruk denne inntektskjelda og utvida ordninga til og å omfatta sjøareal ut til 24 nautiske mil.

Samrøystes vedteke.